

Under eit arrangement som Festidalen er behovet for frivillige stort. Mange og ulike oppgaver må løysast! Nokre har store oppgaver som dei arbeider med gjennom heile året, fleire har det hektisk veka og dagane før Festidalen, og andre har mindre oppgaver begrensa i tid. Eg høyrer til siste kategori. Likevel føler eg stor glede ved å ha ytt det vesle bidraget, og dermed har fått ta del i dette flotte arrangementet. Derfor skreiv eg ned desse tankane søndag:



Med så mange kjekke folk samla trengst det mange vertar(vakter). (Foto: Festidalen/Stig Framnes)

Festidalen 2013 er nettopp vel i hamn. I avviklinga av det fantastiske arrangementet var eg ei lita, men viktig brikke som frivillig. Eg var vert(vakt) laurdag kveld. I same rolle var sjukepleiaren frå Ænes, studentvenninnene frå Valen, elektrikaren frå Kaldestad, nye-rektoren på Skarveland, reinhaldaren frå Polen, den 18-årige skuleeleven frå Rosendal, butikkarbeidaren frå Husnes, rådmannen i kommunen, sveisaren frå Husnes, barnevernsarbeidaren frå Sunde, barnehagekoordinatoren frå Seimsfoss, elektrikaren frå Ænes, pensjonistar frå Uskedalen, ølvesbuen som styrte Campen osv., osv. Denne oppramsinga kunne jammen blitt mykje lengre!! Ja, eg vart kjent med austlendingen som var på besøk hos venner osv. Felles for oss alle var at vi hadde oppgaver på dette flotte arrangementet.



Mange ulike oppgaver. Det er sosialt og kjekt å vera frivillig!

Festidalenleinga har utvikla eit imponerande konsept. Frå å starta som ein liten konsertfestival for 10 år sidan, har det utvikla seg til ein kulturfestival med tilbod til alle alders- og interessegrupper. Over hundre barn deltok aktivt på dei mange kurs- og aktivitetstilboda på nyskapinga Festidagen, og på Mini-Festidalen. Det var interessante føredragskroer og eit godt besøkt næringsseminar.

Kjekt er det å sjå kor godt næringslivet i kommunen støttar opp, og er med og utviklar festivalen. Deira engasjement er heilt avgjerande utan at eg har oversikt over dette. Sjølv fekk eg saman med fleire hundre, med meg den flotte festivalfrukosten Systrene Nilsen og Spar Uskedalen spanderte. Eit flott eksempel!!

Festidalen har og arrangement elles i året, der dei gjerne knyter saman musikk og bruk av den spennande naturen rundt oss.

Festidalen har tydeleg visjon med arbeidet sitt. Dei har ikkje som mål å verta størst mogeleg. Med kreativt arbeid ønskjer dei å verta ein brei, interessann kulturfestival for både vaksne og barn.



Uten mat og drikke, duger helten ikke. Nokre frivillige syter for at alle frivillige får god mat.(Foto: Festidalen/Tom Bråten)

Festidalen er blitt ei merkevare som slår godt an utanfor kommunen. Den vert lagt skikkeleg merke til. Eit anna svært viktig moment er at dette verkeleg er eit arrangement som samlar kvinnheringane. På same måte som eg har inntrykk av at tysnesingane er stolte av Tysnesfest, er rosendingen, husnesingen, utåkerbuen, uskedelingen osv. stolte av at Kvinnherad har Festidalen. Særleg dei yngre viser dette! Ikkje alle treng vera like interessert i all musikken som vert presentert (mine øyro er t.d. for gamle for noko av det), men dei set pris på fellesskapet, samarbeidet, stemningen og det flotte totalresultatet.

Også nabokommunane våre har gode representantar i Festidalen-staben. Eg har ikkje oversikt, men blant anna kjenner eg til at det var ein stordabu som hadde den viktige og store oppgåva som vakt-koordinator under årets festival.

Det arbeidet som leiar-gruppa legg ned er verd eit kapittel for seg. Så profesjonelt, grundig og strukturert!! Her vert det lagt ned mange dugnadstimar. Eg er så imponert!!



Rigging av scenen, og Festidalen-høna ser til at alt er under kontroll. (Foto: Festidalen/Tom Bråten)

Eg er glad for at eg meir eller mindre tilfeldig melde meg som frivillig for første gang i fjor etter å ha vore meir sporadisk publikummar tidlegare. Å oppleve Festidalen på denne måten ønskjer eg å gjere fleire ganger. Når mange bygder og alle aldersgrupper er representert, vert dette ei heilt spesiell oppleving. Eg håpar eg har ei lita, men viktig frivillig oppgåve på neste festival og! Denne opplevinga ønskjer eg å ha.

Uskedalen 04.08.2013

Thor Inge Døssland.